

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



AUSTRHEIM SONGLAG

Lys i mørket

Julekonsert

Austrheim Kyrkje
Søndag 18. desember
kl. 17.00 og 20.00

Dirigent: Elisabeth Jensen Rishes
Orgel og piano: William Kay
Gjestemusikarar

Vaksne - Kr.250,- | Born - Kr.100,-
(born til og med 15 år)

Kjøp av billetter på - www.ticketco.no
eller send SMS/e-post til: Janne Berger tlf. 91521689 / post@austrheimsonglag.no

Konsertane er støtta av:
Aktivitetmidler
●●● FOR KOR ●●●



Kyrkjebakken nr. 9 – 2022 – Julenummer – nytt stoff innan 12. januar



GI NOEN SOM TRENGER DET ET VARMT MÅLTID OG ET GODT STED Å VÆRE.



STØTT ARBEIDET TIL KIRKENS BYMISJON:
Send sms GLEDE til 2101 (120,-) eller JULEGLEDE til 2101 (300,-)
Vipps valgfritt beløp til 2101 eller bruk konto 7011 05 18593



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skysst for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale
Kyrkjevevjerje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjevevjerje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat
for eventuelle endringar.

Søndag 11. desember kl. 18.00
Konsert med Tiriltunge
med gjester i kyrkja

Søndag 18. desember kl. 17.00/20.00
Konsert med Austrheim songlag

Lørdag 24. desember. Julafta kl. 14.30
Julegudsteneste. Skulekorpset spelar

Julafta kl. 16.00 Julegudsteneste

1. juledag kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste

Søndag 08. januar kl. 19.00
Gudsteneste fylt med julesongar

Onsdag 25. januar kl. 11.00
Bygdetreff

Laurdag 28. januar kl. 17.15
Ungdomsgudsteneste i Fedje kyrkje

Søndag 29. januar kl. 11.00
Gudsteneste ved Rune Minde



Sei noko om Jesus!

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Tove Sætre

Min salme



Det måtte verta «Det lyser i stille grender».

Eg er veldig glad i både teksten, melodien og forfatternen Jakob Sande. Særleg etter å ha vore i «Klokkargården» (barndomsheimen hans) og høyrte om livet hans og historiane hans. Dette diktet skreiv han sommaren 1931, heime i Dale

Det var eit ønskje om å få eit dikt i bladet «Jul i Sunnfjord». Diktet vart heitande «Julekveld». Jakob Sande sette ikkje diktet særleg høgt.

Men då Lars Søråas d.y. frå Bergen tok kontakt i 1948 og ville bruka det i songboka si, hadde Sande gløymt at han hadde skrive julediktet.

Songpedagogen og korentusiasten Lars sette sjølv tone til diktet. Og det vart publisert i «Songbok for skule og heim.» Songen vart stadig viktigare og meir kjend.

Den folkekjære salmen vart veldig populær etter at Sissel Kyrkjebø hadde den med på juleplata si «Glade Jub» i 1987. Den har eg spelt mykje.

Helsing Tove Sætre

**Det lyser i stille grender
Av tindrende ljøs i kveld
Og tusene barnehender
Mot himmelen ljosa held**

**Og glade med song dei helsar
Sin broder i himmelhall
Som kom og vart heimsens
Frelsar Som barn i ein vesal stall**

**Der låg han med høy til pute
Og gret på si ringe seng
Men englane song der ute
På Betlehems aude eng**

**Der song dei for første gongen
Ved natt over Davids by
Den evige himmelsongen
Som alltid er ung og ny**

**Den songen som atter tonar
Med jubel kvar julenatt
Om barnet Guds son, vår sonar
Som døden for evig batt**

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

FONNES FILIAL

Filialen er open for publikum torsdagar

14 - 16.30.

Fonnes filial sine opningstider følger elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

Følg oss gjerne på facebook

God bok



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG.

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret :
56162142/56162138»

Juletresalg Litlelindås



**RISTNA BRUK ØNSKER GAMLE OG NYE KUNDER VELKOMMEN
TIL JULETRESKOGEN VÅR INNE PÅ LITTLELINDÅS 101.**

FØLG OSS PÅ FACEBOOK FOR MER INFORMASJON.

Her kan vi tilbyr deg juletre rett fra skogen, eller du kan finne deg et som står utstilt ved løa vår.

Vi er selvfølgelig behjelpelig med både saging og pakking av ditt juletre.

Det vil også være salg av egenproduserte kranser, kristtorn buketter, gravpynt, juledekor og diverse strikkeprodukter samt Ramsløk pure` og olje

Vi tar bestilling på bar/mosekranser og Gravpynt fra første søndag i advent For å komme i ekstra god julestemning så fyrer vi i bålpanna samt servering av gløgg og pepperkaker

Ta med heile familien til en koselig tur i juletreskogen.

Åpningstider:
10/11 des fra 10 - 16
17/18 des fra 10 - 16

Om du vil komme og merke deg et tre eller finne deg et tre som er utenom disse tidene så er det bare å ta kontakt på

mob 905 63 722 eller på FB-siden til Ristna Bruk.

Vi vil også ha utsalg ved REMA Mongstad fra 10-11 des.
Hos oss kan du betale med kort, kontant eller vipps



2022 Juletresalg

Vi kan levere kranser mot bestilling før 10. desember

LIKE VED MASTREVIK TORG
KVAR DAG FRÅ
LØRDAG 10. DESEMBER
FRA KL 10.00 – KL 17.00.

Treng du kransar eller juletre tidlegare ring
Tlf 957 47 903.
Tormund Nesse.

Har også stort utvalg i mosekransar, barkranser og hjerter.



BARNEKORÉT TIRILTUNGE

inviterer til

JULEKONSERT

**i Austrheim kyrkje søndag
11. desember kl. 18.00.**



**Billetter: Voksen kr 100,-,
Barn kr 50, familie
(foreldre+barn) kr 200,-**



Takke annonsar

Takke

For deltaking, blomsterhelsingar og pengegaver til Nordliheimen ved vår kjære mor, Elfride Karin Dyrøy, sin bortgang. Ei spesiell takk til Nordliheimen for god pleie og omsorg. Vil og få takke Vatne Begravelsesbyrå for god hjelp og ein fin seremoni.

Helsing familien

Hjertelig takke

For all medkjensle, blomsterhelsingar og deltaking ved Hans Førland sin bortgang og gravferd. Takk til hjemmesykepleien for god omsorg og pleie dei siste åra.

Takk til Rune og Jostein i samband med gravferda.

Jarle og Bjørg m/familie.

Hjarteleg takke

til diakoninemnda for helsing som Målfrid kom med på 81-årsdagen min.

Helsing Kjell Matre

Tusen takke

til Austrheim Diakoninemnd for gode ord og smakfull helsing til min 86 årsdag 10.november.

Helsing Jan Foss

ÅRÅS BEDEHUS

Onsdag 30. november kl 19:00 Bønnesamling
Søndag 11. desember, Adventsmøte kl 11:00. Olav Andre Soltveit talar.
Tysdag 27. desember, 3. juledag, JULESELSKAPET kl.17
Søndag 15. januar, Formiddagsmøte kl 11:00

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30
Ving for 4 år til 4. trinn. Annankvar torsdag 17:00-18:00

Styret takkar alle som på ulike måtar støtta Årås bedehus på Bedehusdagen 5. november.

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

Austrheim sokn

Gravferd

- 11.08.2022: Ella Milly Landa f. 1931
- 01.11.2022: Margaret Stensen Tresvik f. 1964
- 25.11.2022: Bjørg Lillian Hopland f. 1938 (bisetjing)
- 25.11.2022: Margrethe Helen Askerhaug f.1943 (bisetjing)
- 29.11.2022: Roald Martin Lerøy f.1948

Døypte

- 23.oktober:
Anna Elena Fredheim. Pernille Helle Øksnes. Ella Gjertsen Ystebø
- 20.november:
Bastian Knieriem Storebø. Samson Fønnes Vikebø

Velkommen til møter i Lervåg bedehus

27. november kl. 11.
Tale Linda Nærøy

11. desember kl. 17.
Adventssang med
Else Linn Myrås.

Førjulskos med noko
godt å eta.

24. desember kl. 14.
Julegudsteneste.
Kaland Skulemusikklag
speler.

08. januar kl. 11.
Delemøte.

22. januar kl. 11.
Tale Geir Talberg.



KOLERAKYRKJEGARDEN HAR NO FÅTT EI ANSIKTSLØFTING

Historia bak:

Kolerakyrkjegarden er eit verneverdig kulturminne på vel eit dekar og ligg ved rundkøyringa på Austrheim der vegen tek av til Øyane og ferjekaien på Sævrøy.



Gravplassen vart i 2014 delt frå som ein eigen parsell og er no i Austrheim Sogn sitt eige.

På 1800 talet var store infeksjonssjukdomar som koppar,

dysenteri, skarlaksfeber og kolera, vanlege i befolkninga i heile landet. Kunnskapen om smittefaren var heller liten. På større stader vart det oppretta såkalla «Sunnhetskommisjonar», som skulle handtera og forebyggja ulike smitteutbrot. Kolerautbrot var svært smittsamt. Difor var det vanleg, på bakgrunn av den kunnskapen dei då hadde, å etablera eigne gravplassar berekna på dei som døydde av denne sjukdomen. Det var vanleg at desse gravplassane låg i god avstand til dei ordinære kyrkjegardane.

For Austrheim sin del slo koleraen til i løpet av februar og mars i 1849. Dei første som vart smitta var med på sildefiske nord for Haugesund. Dei vart sjuke medan dei var på fiske og smitta dei heime då dei kom tilbake. På desse to korte månadane døydde det 24 personar frå Austrheim, 17 menn, 5 kvinner og 2 barn. 7 av mennene vart gravlagte andre stader enn her på Austrheim. Dei resterande vart gravlagte på kolerakyrkjegarden.

Det skjedde ikkje fleire smitteutbrot som i 1849 i Austrheim og gravplassen vart etterkvart brukt som familiegravstad for familiane Haraldsen/Daae på Årås, Sellikenfamilien frå Synnevågen/Bakka og Monslaupfamilien frå Monslaupen. Gravplassen er ikkje lengre i bruk som familiegravstad. Haraldsen/Daae familien hadde tilsaman 7 graver her.

Det er reist ein obelisk som eit felles gravminne for alle desse. Aller siste gravlegging her var ei urne sett ned i 2000.

Reparasjonsarbeidet:

Jan Hopland har hatt oppdraget med å utføra restaureringsarbeidet. Den mest synlege skaden var eit parti av muren som var glidd ut og som var synleg frå fylkesvegen. Denne delen er riven ned og bygd opp igjen. Eksisterande stein er nytta i størst mogeleg grad. Det er også blitt tilkøyrert eit parti med eldre stein frå Elsåsfjellet på Seim, som passa godt inn i denne muren. Jan Hopland har restaurert heile muren. Arbeidet har gått betre enn forventet og er utført innanfor dei budsjetttrammene vi har hatt til rådvelde. Vi har hatt ei lita markering på kyrkjelydshuset der Jan Hopland har blitt takka for vel utført arbeid, både av ordførar og soknerådsleiar. I ordføraren sin takketale, vart akkurat dette med kvaliteten på korleis gravplassane framstår trekt fram. Og slik koleragravplassen no framstår, har kommunen fått «endå eit smykke ein kan vera stolt av».



På vegne av soknet og kommunen vil vi takka Jan Hopland for vel utført arbeid.

Planar vidare:

Vi har nokre få jernplater liggjande, som vi veit har stått på kolerakyrkjegarden. Desse skal setjast opp opp på nytt igjen. Vi vil også reingjera nokre av jernplatene som allereie står der, slik at skrifta vert meir synleg. Vidare vil vi kjøpa inn eit par benkar og setja opp eit skilt på utsida, for å fortelja historia til dette fornminnet. Leif Arne Økland – kyrkjeverje.

(Kjelder: Kjell Dahle i Verneplan for Austrheim, Jan Hopland, sluttrapport).

BASAR FOR AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS.

22. oktober var det basar for Samfunnshuset. FOR EN BASAR. Full sal, åresalg og loddboксalg som gikk unna. I alt ble det solgt for 104 000 kr.

Basarnemnden takker for gevinster gitt fra næringslivet og privatpersoner i kommunen, utenom fra eierlagene.

Og til alle som kjøpte lodd; TUSEN TAKK. I år hadde vi en større gevinst på egen bok: Den heldige vinner av duken med tilbehør; Ellen Nygårdsmoen.

Basarnemnden takker. Asbjørg, Jorunn og Gro



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte


Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887



Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no



Vil du være
èn for andre?

Vi søker lyttende
medmennesker i alle
aldre, legninger, yrker,
trosoppfatninger og
farger.

Se mer og søk på
kirkens-sos.no/frivillig


Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til
med rådgivning
og tilrettelegging
ved begravelser
og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



50 ÅRS KONFIRMANTAR I 2022

Søndag 23.oktober var konfirmantkullet -72 invitert til markering som 50-årskonfirmant i Austrheim kyrkje. Her er eit bilete av når dei vart presentert for kyrkjelyden. Etter gudstenesta gjekk turen til Kilstraumen der dei var invitert til fest og mimring.



Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BoschCarService.no

For everything your car needs.

Du er hjartleg velkomen til

JULESELSKAPET!

3.juledag kl.17

Me håpar stor og liten i Austrheim har lyst å kome for å nyte ein kaffi, god mat og god julestemning!

Det vert litt juleprogram.

Ta med enkel mat på eit fat og så deler me!
 Det vert servert drikke og frukt.

Velkomen til Års bedehus i romjula. Arr; Austrheim Indremisjon